

Til Lindås kommune
Kulturavdelinga

Søknad om kulturmidlar 2014.

Nordhordland kunstlag søker med dette om kulturmidlar for 2014.

I 2013 hadde vi medlemsutstillingar og utstillarar som kom utanfrå.

Vi hadde fleire kunstnarar som hadde utstillingar og som hadde foredragskveldar med visning av bilder for medlemmer og ålmenta.

Det skal arrangerast felles reiser til galleri ymse stader i Hordaland. Styret prøver få til utstillingar også dette året. Første utstilling dette året vert frå 15.03. og til 13.04. der kunstnar Lene Kilde ha utstilling i Karins Galleri i Gjervik.

Det kostar å få heim føredragshaldarar. Annonsering er og dyrt. Vi søker støtte med håp om å få.

På årsmøte vart det snakka om at kunstlaget skal prøva få til ei utstilling i høve grunnlovsjubileet.

Vi prøver å vera aktive og heile tida ha fokus på å få ungdommar til å vera melda seg inn.

Vi takkar for kr. 3.000 i 2013 og håpar på 5.000 for 2014.
Pengane kan ev. setjast inn på konto 3632.56.76897.

Eikangervåg, 08.03.2013

Mvh

Inger-Marie Nordland

Kasserar.

Vedlegg:

Ref. frå årsmøte og samandrag av rekneskap 2013

REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I NORDHORDLAND KUNSTLAG for året 2013

Årsmøte vart halde i biblioteket i Knarvik senter tysdag 04.03. 2014.

Det var 10 medlemmer tilstades av totalt 30.

Leiar Karin Marie Mjøs ønskte velkomen.

Før årsmøtet tok til viste kunstnar Tove Veidung (via PC) mange av arbeida sine og fortalte frå si tid som kunstnar. Det var svært interessant å høyra på.

- Sak 1 Val av møteleiar.
Leiar Karin Marie Mjøs vart valt.
- Sak 2 Val av referent.
Inger-Marie Nordland vart valt.
- Sak 3 Årsmelding 2013
Årsmeldinga vart lest opp av leiar.
Det var ingen merknader.
- Sak 4 Rekneskap 2013
Kasserar Inger-Marie Nordland delte ut revidert rekneskap til gjennomsyn/evt.merknader.
Det var ingen merknader.
Rekneskapen for 2013 vart godkjent.
- Sak 5 Fastsetjing av medlemspengar.
Det vart vedteke at medlemskontingenten vert uendra, kr. 200,- pr. år.
Det vart vedteke at familiekontingenten vert sett til kr. 300,-.
- Sak 6 Budsjett 2014
Det vart vedteke at rekneskapen for 2013 vert grunnlag for budsjett 2014.
- Sak 7 Vedtektsendring
Vedtektene vert ikkje endra.
- Sak 8 Val
Framlegg frå valkomiteen lese opp av leiar Karin Mjøs. Medlemene i valnemnda var ikkje tilstades.
Leiar Karin Mjøs – valt for 1 år
Styremedlem Svanhild Eknes – ikkje på val
Styremedlem Inger-Marie Nordland – ikkje på val
Styremedlem Magna Eknes – nyval 2 år
Styremedlem Anne Valaker – nyval 2 år

Revisor Thor Norheim – gjenval 2 år

Varamedlem Elin Alver – ikkje på val
Varamedlem Vigdis Haukeland – nyval 2 år

Valnemnd:
Mette Marei Træland – ikkje på val
Ingunn Eknes tek ikkje attval.

Valet vart slik valnemnda la fram.

Knarvik, 04.03.2014


Inger-Marie Nordland - referent

Nordhordland kunstlag

Rekneskap 2013

TAP OG VINNING

Møteinntekter	839	Møteutgifter	587
renteinntekter	64	Honorar	800
Medlemskontigent	6200	Kontigentar	1000
Kulturmidlar	3000	Annonsar	2100
Salsutstilling/provisjon	7725	Utg. salsutstillinga	3000
		Kontorutg./gebyr	835,5
		Resultat 2013	9505
	17828		17828

BALANSE 2013

Kasse pr. 1.01.	1922				
Netto tilført (3039-1248)	1791				
Kasse pr 31.12.		3713			
Bank pr. 1.01.	13379				
netto postert (18589-7875)	10714				
Bank pr. 31.12.		24093			
			Eigenkapital 1.01.	18301	
			Resultat 2013	9505	
			Eigenkapital 31.12.	27806	27806
		27806			27806